
Fra: Kjell Bitustøyl <kjellbitu@me.com>
Sendt: søndag 26. mai 2024 20:20
Til: Epost Midt-Telemark Kommune
Emne: høyrings svar Kommunedelplan for Lifjell
Vedlegg: Høyrings svar Fuglelivet på Lifjell.docx

FORSIKTIG: Denne eposten kommer fra en avsender utenfor organisasjonen. Ikke åpne vedlegg og klikk på lenker hvis du ikke er sikker på hvem avsender er og vet at innholdet er trygt.

Til Bø kommune

Vedlagt høyrings svar frå BirdLife Indre Telemark Kommunedelplan for Lifjell

venleg helsing

Kjell Bitustøyl, leiar BirdLife Indre Telemark

Til Midt-Telemark kommune

Høyrings svar Kommunedelplan for Lifjell

Fuglelivet på Lifjell - korleis er stoda?

BirdLife Indre Telemark ønskjer å påpeike kunnskapen vår om korleis utviklinga på Lifjell påverkar fuglelivet. Som med insekt er fuglar også viktige for menneske, jordbruk og økosystem. Dei regulerer insektbestandar og spreier frø. For svært mange menneske er dei bindeleddet til landskapet, sidan dei ulike artene er knytt til ulike habitat og med ulike preferansar.

Topografien på Lifjell og utviklinga for fuglelivet:

Lifjell er eit fjellområde som er spesielt ved at me her har høg fjell langt mot sør i fylket, dei høgste toppane er Røysdalsbuten (1291 moh), Troganatten (1283 moh) og Jørånnatten (1276 moh). Dette gjer at ein art som fjellrypa er å finne her, ein kan òg ta med heiloen som er å finne på dei høgare partia på Lifjell. At Lifjell ligg så langt mot sør og nær store folkerike område, gjer at det er eit populært og mykje brukt turområde, og med det utsett for eit visst press på den urørte og sårbare naturen. Særleg gjer dette seg utslag i Jøn nbuområdet som er innfallsport nr. 1. på Lifjell, med aukande trafikk år for år. Og det som i særklasse er årsak til denne auka ferdselen, er ei storstilt hyttebygging rundt Jøn nbu. Og ikkje berre er det sjølv tapet av natur, sårbare myrområde m.m., men det er like mykje den auka ferdsla som dette fører med seg, som utgjer eit trugsmål mot naturmangfaldet i området, ei utvikling som ute av kontroll. Høgefjell, fjellpartiet ut mot Bøbygda, er eit eksempel på at eit tidlegare nokså urørt område lett tilgjengeleg, no er tapt. Her har brutal vegbygging og store hytter som legg beslag på ikkje ubetydlege areal, fått breie seg. Det same kan ein seie om dei øvre delane av Jøn nbuplateået og området i skråninga mot Oksladalen. Mykje skog er fjerna og med det er tilhaldstad for diverse fugleartar blitt borte. Orrfugl og rype er eksempel på sårbare artar når vegetasjonen blir fjerna og trafikken aukar på. Lirypa og fjellrypa er artar som har vore jakta på i uminneleg tider, men no skriv fugleekspertar at «Rypenes storhetstid er trolig forbi» (Martin Eggen i Aftenposten Innsikt mai 2024). Eggen skriv vidare at «150 år med historiske data på rype, basert på jakt- og fangsttall, indikerer en tilbakegang i antall ryper på nesten ufattelige 90 prosent. Dette inkluderer begge arter rype vi har i Norge: lirype og fjellrype.»

Jøn nbuområdet er ikkje stort og med tap av desse naturområda aukar presset på dei attverande urørte områda med dei konsekvensar det dreg med seg. Så vidt ein veit er der ikkje gjort noko grunnleggjande kartlegging av fuglelivet med konsekvensanalyse for Lifjell inkludert Jøn nbuområdet. Ein veit difor lite om kva slik sterk utbygging fører til med tanke på tap av naturmangfald. Frå mange område i landet er det ei kjent sak at tap av areal og auka ferdsel utgjer betydeleg trugsmål mot både fugle- og dyreliv. Frå folk i fuglemiljøet blir det ropt 'varsku her' om at fleire artar er i sterk tilbakegang, av ulike årsaker naturleg nok. Men skal ein få betre kontroll over kva som er i ferd med å skje, er det viktig at også kommunar tek tak i denne utfordringa og set på bremseklossane når det gjeld det auka presset på sårbar natur som dagens hytteutbygging står for.

Kartlegging:

BirdLife Indre Telemark vil på det sterkaste anbefale at før nye område blir lagt ut til meir hyttebygging, blir det gjort ei samla og grundig kartlegging av fuglelivet for Lifjell generelt og Jønmbu spesielt. Me treng å vite meir om kva som er i ferd med å skje.

Av nyare funn er det ein del raudlista fuglar. Resultat frå feltsynfaring og uttrekk frå Artskart (12.07.2023) viser at det er registrert 12 artar av raudlista fuglar. I Biofokus sin naturtypekartlegging fann dei desse artane:

Artsgruppe	Vitskapeleg namn	Norsk namn	Kategori	Antall funn
Fuglar	<i>Accipiter gentilis</i>	hønehauk	VU	3
	<i>Apus apus</i>	tårnseiler	NT	3
	<i>Calcarius lapponicus</i>	lappspurv	EN	1
	<i>Chloris chloris</i>	grønnfink	VU	64
	<i>Cuculus canorus</i>	gjøk	NT	4
	<i>Delichon urbicum</i>	taksvale	NT	3
	<i>Emberiza citrinella</i>	gulspurv	VU	77
	<i>Loxia leucoptera</i>	båndkorsnebb	VU	7
	<i>Passer domesticus</i>	gråspurv	NT	1
	<i>Picoides tridactylus</i>	tretåspett	NT	2
	<i>Pinicola enucleator</i>	konglebit	NT	8
	<i>Poecile montanus</i>	granmeis	VU	89

Og det er òg både planlagt og påbyrja hytteutbygging i myrområde som er avmerkte på AR5-kartet, som t.d. myra nedanfor Jønmbuflotin nr. 61-71. Større myrområde er òg viktig for ein del vilt, særleg fugl.

Det kjem illevarslande meldingar frå fleire kantar om at der er mindre fugl, og sjølv om ein lokalt ikkje kan handtere alt dette, kviler det likevel eit tungt ansvar på dei som skal forvalte desse verdiane med tanke på at komande generasjonar òg skal få oppleve naturmangfaldet i desse områda.

For Birdlife Indre Telemark, Kjell Bitustøyl, leiar